



Bente Kopperdal Hervik

Referansar:

Dykkar:

Vår: 22/8281 - 22/88595

Sakshandsamar:

Svein Arne Vågane

svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:

19.11.2022

Vedlagt ligg søknad for godkjenning av bygging av landbruksveg på gbnr. 221/1 Eikefet i Alver kommune til uttale.

Vedlagt ligg søknad om bygging av landbruksveg for gnr. 221, bnr. 1 Eikefet i Alver kommune.

Roger Hartveit som paktar gnr. 221, bnr. 1 av onkel sin Johannes Tyssebotn, søker om å få oppgradere eksisterande veg. Før søknaden vert handsama, vil det ligge føre stadfesting frå eigar at tiltaket er i orden for han.

Vegen er oppgjeve til om lag 620m. Vegen vil løyse ut om lag 36 daa beite. I tillegg vil den gje tilkomst til noko skog. Vegen skal byggjast i vegklasse 8 – enkel traktorveg og vil i einskilde, krevjande parti fråvike denne klassen. Planen er at sjølve vegbana òg skal nyttast til beite dvs at den skal gro att.

Bakgrunnen for søknaden er at det stadvis har gått skred over vegen slik at Hartveit har måtte drive dyra opp over 900 m.o.h. fram og attende til beitet. Med storfe (ammekyr) er dette krevjande i bratt terreng. Det har då, naturleg nok, heller ikkje vore mogleg å kome fram med traktor.

Vi ber om dykkar uttale innan 12.12.2022.

Med venleg helsing

Alver kommune, Landbruk

Svein Arne Vågane

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 221/1 Eikefet

Kart

Kart 2

Mottakarar:

Bente Kopperdal Hervik
Statsforvaltaren i Vestland
Vestland Fylkeskommune

Njøsavegen 2
Postboks 7900

6863 LEIKANGER
5020 Bergen